

INNkjøPSRETTLEIAR– etter ny LOA og FOA 2017

Alle innkjøp til kommunen skal skje i tråd med vedteke innkjøpsreglement.

Ved rammeavtalar har ein sikra at konkurranse er gjennomført i forkant, og det er fohandla fram rimelege prisar og gode avtalevilkår. Kommunen har plikt til å nytta etablerte rammeavtalar, og kan koma i økonomisk ansvar dersom andre leverandørar vert valt.

I utgangspunktet skal alle innkjøp til kommunen vera basert på konkurranse. Ved innkjøp skal ein følgja slik prosedyre:

1. Definere behov
2. Undersøkje budsjettdekning
3. Søkja etter rammeavtale
4. Føreta avrop dersom rammeavtale
(Sjå liste over innkjøpsavtalar på innkjøpsportalen)

For korrekt innkjøp og fakturahandaming skal ein:

- Føreta elektronisk tinging dersom mogleg (e-handel)
- Oppgje referansenr. og eige namn
- Oppgje korrekt levering og fakturaadresse
- Krevja faktura i EHF-format

Dersom det ikkje finnest rammeavtale som gjeld den vara/tenesta du skal kjøpa må ein vurderer følgjande:

- Kjøp/kontrakt med verdi **lågare enn kr 100 000** er unnateke regelverket om offentlege anskaffingar. Det er likevel eit krav om at det skal nyttast konkurranse. I praksis vil det seie at oppdragsgjevar skal samanlikne prisar så langt dette er hensiktsmessig, minst hjå 3 tilbydarar før ein gjer endeleg val av leverandør.
- Har kjøpet/kontrakten verdi mellom **kr 100 000 og kr 1 100 000** for vare/tenestekjøp, må det i tillegg til prisinnhenting hos minst tre leverandørar, førast protokoll etter reglar for offentlege innkjøp. (Det kan likevel vera tenleg å nytte frivillig forenkla utlysing i Doffinbasen, for å nå ein større marknad.) Har kjøpet verdi over kr 500 000 skal det krevjast skatteattest.
- Er kjøpet av ein kategori som kommunen ventar å kjøpa for **over kr 1 100 000** over ein periode på 4 år, må kjøpet/kontrakten lysast ut nasjonalt i Doffinbasen (Nytt nasjonalt kunngjerings skjema). Ta kontakt med innkjøpskontakt/innkjøpssjef i kommunen for utlysing.
- Er kjøpet av ein kategori som kommunen ventar å kjøpa for **over kr 1 750.000** (vare-og tenestekjøp)/ **kr 44 000 000** (bygg og anlegg) over ein periode på 4 år må kjøpet/kontrakten lysast ut nasjonalt og internasjonalt i Doffin og Tedbasen. ESPD



Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum
Bømlo Fitjar Kvinnherad Stord Tysnes

skjema(Europeisk egenerklæringsskjema kvalifikasjon) er obligatorisk.Ta kontakt med interkommunal innkjøpssjef / innkjøpsansvarleg i kommunen for utlysing.

Alle terskelverdiar er eksklusive meirverdiavgift.

Ynskjer ein å gjere seg kjent med nytt regelverk om offentlege anskaffingar, finn ein desse i innkjøpsportalen.

Treng du hjelp eller informasjon i samband med innkjøp kan ta kontakt med innkjøpsansvarleg i din kommune eller innkjøpssjef for samarbeidskommunane:

Marianne P. Fjeldstad, tlf. 534 69 98 /414 29 242, e-post: mfj@stord.kommune.no